

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Saksnr
2016/986

Arkiv
A20

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
SKU / SLR

Dato
11.07.2016

HØYRING OM ENDRING I OPPLÆRINGSLOVA OG FRISKULELOVA – SKULEMILJØ.

Djupedalsutvalet har forslått fleire endringar i Opplæringslova, relatert til elevane sitt skulemiljø.


Viser til Kunnskapsdepartementet sine forslag til lovendringar, med høyringsfrist 1.august 2016.

Kommunen har vurdert høyringsforslaga i KS sine organ og stiller seg bak følgjande uttalar:

1. Kommunen støttar forslaget om at fylkesmannen fortsatt skal vere klageorgan og ha mynde til å handheve tiltak. Hovudårsaka til dette er at saker om mobbing og trakassering ofte er komplekse og må sjåast i samanheng med andre paragrafar i Opplæringslova og kommunane sitt tenestetilbod. Det er derfor hensiktsmessig at fylkesmannen har eit samla ansvar for oppfølging av heile Opplæringslova og tenestetilbodet.
2. Kommunen støttar forslaget om at Barneombodet si rolle som uavhengig ombod for å ivareta interessene til barn og unge på overordna nivå, skal styrkast. Ei samanblanding av roller som ombod, forvaltningsorgan og eventuelt sanksjonsorgan, vil svekke rolla som fullmektig for barn og unge.
3. Skuleeigar si rolla må tydeleggjerast i lovverket. Dette gjeld både offentlege og private skuleeigarar. Rolla må definerast i høve juridisk og økonomisk ansvar, samt aktivitetsplikt.
4. Skuleeigar må i lovverket sikrast høve til kontradiksjon i samband med ei eventuell klagesak.
5. Tvangsmulkt må nyttast kun i særlege høve, og lova må formulerast slik at dette kjem tydeleg fram. Det krevst ei nærare vurdering av heile saksomfanget før ein slik sanksjon kan nyttast.

Viser elles til KS sine uttalar til NOU 2015:2 Å høre til (Djupedalsutvalet si utgreiing)

Med helsing


Sølvi Lillebø Remøy
Skulesjef, Herøy kommune